

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.06.2016

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag med slik endring av møteplanen:

Utvalsmøta for utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel skal vere i same veke. Møta kan fordelast på ulike virkedagar.»

Røysting

Njærheim sitt forslag fekk 7 røyster (V, H, Frp, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (SV, A, KrF, Sp) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2017 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret slik det går fram av side 4 i denne saka.